



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

JONDAL SKULE



29.10 – 01.11.2007



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Jondal kommune har ein grunnskule. Frå hausten 2007 var elevtalet 162 fordelt på 11 grupper. Jondal skule ligg i sentrum av Jondal og er nabo til barnehage, sjukeheim og kulturskule. Skule- og Folkebiblioteket ligg i skulebygget. I tillegg har skulen eit flott symjebasseng med internasjonale mål som vert nytta av heile regionen.

Skulen har eit SFO tilbod som held til i småskuleavdelinga.

Pr i dag er bemanninga på skulen 25 pedagogiske stillingar inkludert administrasjonen, i tillegg til ein assistent og ein kontormedarbeidar.

3 – Vurderingstema

Jondal skule har bede om vurdering på følgjande tema:

Tilpassa opplæring i lesing som grunnleggande ferdigheit.

Det skulen er opptatt av er lesing og leseferdigheit i dei ulike faga, og korleis lærarane arbeider med dette; dvs korleis dei tilpassar det til dei enkelte elevane. Det skal ikkje handla om norskfaget og skrivning, men om lesing, i alle fag og på alle klassesteg.



4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

Glansbilete

Tilpassa opplæring i lesing som grunnleggande ferdigheit.

<i>Kriterium</i>	<i>Teikn på god praksis</i>
Skulen driv tilpassa opplæring innafor leseopplæringa	<ul style="list-style-type: none">- Skulen har ein plan som sikrar at elevane får systematisk opplæring i lesing- Det er ein plan for kartlegging av elevane sin lesedugleik på skulen- Kartlegginga blir evaluert og resultatata kan føre til at det blir sett i gang styrkingstiltak- Ressursar blir utnyttta fleksibelt til beste for elevane- Elevane har tilpassa arbeidsplanar- Lesing er definert som ein grunnleggande ferdigheit i Kunnskapsløftet. Planlagd leseopplæring skjer i alle fag- Elevane får lese- og tolkingsoppgåver i dei ulike faga som høver for deira leseferdigheit- Elevane har ofte tilgang til skulebiblioteket- Biblioteket har eit mangfald av litteratur- Bibliotekansvarleg kan gi råd og rettleiing til kollegaene- Personalet er rausse til å dele gode idear og erfaringar med sine kollegaer- Det er Pc-ar tilgjengelege for



<i>Kriterium</i>	<i>Teikn på god praksis</i>
	elevane når dei skulle trenge det
Elevane har høg medverknad og nyttar varierte arbeidsmåtar for å nå læringsmåla i lesing	<ul style="list-style-type: none">- elevane kjenner læringsmåla knytt til lesedugleik- læringsmåla er konkrete og målbare- elevane får opplæring i / høve til å vurdere eigen måloppnåing- elevane brukar ulike lesestrategiar- elevane kan nytta biblioteket i oppgåveløysing og lesestunder- elevane kan nytte IKT i oppgåveløysinga- elevane har tilgang til lesespel og valfrie tilleggsoppgåver- elevane reflekterer jamleg over det dei les, både munnleg og skriftleg
Lærarane si undervisning utviklar leselyst og leseglede hos elevane	<ul style="list-style-type: none">- læraren er ein tydelig modell i leseprosessen- læraren er ein dyktig og engasjert formidlar læraren oppmuntrar og gir elevane tru på egne evner- av ulike typar litteratur- lærarane gir tydeleg rettleiing- faglærer kjenner eleven sin leseferdigheit og tilbyr høvelege lese- og tolkingsoppgåver- det blir sett av tid til lesing kvar dag- lærarane motiverer til utlån på biblioteket- det er høgt utlån blant alle elevar gjennom heile året



Kriterium	Teikn på god praksis
Leseopplæringa er eit tema i samarbeidet mellom heim og skole	<ul style="list-style-type: none"> - elevane får støtte i læringsarbeidet heime - dei føresette er kjente med læringsmåla i lesing - arbeidsmåtar og lesestrategiar dei føresette veit noko om - dei føresette er orienterte om resultata av kartleggingsprøvane - dei føresette er informerte når styrkingstiltak blir sett i gang - det er gjensidig låg terskel for å ta kontakt med kvarandre

5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Ei foreldregruppe (FAU + foreldrekontaktane på skulen)
To elevar på kvart klassesteg
Representantar for lærarane på steg 1-4, 5-7, og 8-10
Bibliotekaren
Assistenten
Rektor
- Eksterne: Hanne Sandvik, Anne Karin Flatlandsmo og Wenche Lidsheim Helland

Lesing som grunnleggande opplæring er eit arbeidsområde for alle dei impliserte partane.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

På denne vurderinga blei det ikkje tid til formøte, derfor tok vi måndagen med i vurderingsveka.

Tidsplan for vurdering på Jondal skule veke 44 2007

Veke - dag	TILTAK	ANSVAR
41 torsdag	Skulen melder inn vurderingstema	rektor
41 fredag	Vurderarar lagar framlegg til tidsplan og sender det til rektor	Hanne
42 tysdag	Vurderarar avtalar med rektor om overnatting	Hanne



	Vi treng 4 enkeltrom og eit arbeidsrom helst på overnattingsstaden	
	Vurderarar sender mal for foreldreinformasjon	Hanne
42 onsdag	Rektor sender ut informasjon til foreldre	Rektor
	Rektor sender vurderarane eit døme på vekeplanar og årsplanar i norsk for kvart trinn på E post	Rektor
	Vurderarar lagar framlegg til glansbilete	Anne Karin
42 fredag	Vurderarar sender framlegg til glansbiletet til rektor og hospitantar	Hanne
42 helg	Vurderarar lagar kvar sine påstandskjema lærarar og elevar	Hanne Anne Karin
43 måndag	Rektor diskuterer framlegg til glansbilete med personalet og sender tilbakemelding til vurderarane på E post	Rektor
	Hospitantar gir tilbakemelding til framlegg til glansbilete	Hospitant
43 tysdag	Vurderarane sender påstandskjema til rektor som deler dei ut og samlar inn i løpet av veke 43	Hanne
43 onsdag	Rektor kopierer og deler ut påstandsskjema og samlar inn i løpet av veke 43	Rektor
43	Rektor lagar tidsplan og set opp namnelister for dei ulike samtalanene. Elevsamtalar to og to trinn, to frå kvar gruppe (gut nr 2 jente nr 4 i kvar gruppe) Lærarsamtalar (norsklærarar, spesiallærarar, faglærarar, max 4 i kvar samtale, flest mogleg.) Samtalar med assistentar som er med i norsktimar.	Rektor
43	Rektor kallar inn til foreldremøte.	Rektor
43	Vurderarane lagar kvar sine samtaleguidar og sender dei til hospitantane.	Hanne Anne Karin
44	Vurderingsveka	
Måndag 29.10	Vurderarar og hospitantar møter rektor. Saker: Diskutere og fastslå tidsplan og innhald i vurderingsveka. Gjere klar rom til samtalanene Overlevering av utfylte påstandsskjema Overlevering av fleire aktuelle dokument	Rektor Vurderarar Hospitant
Etter skuletid? Morgonmøte ?	Vurderarar og hospitantar møter personalet Orientering om Hardanger - Voss vurderingsgruppe Forklare glansbiletet	Rektor Vurderarar Hospitant
kveld	Vurderarar og hospitantar fordeler oppgåver, skårar påstandskjema, planlegg foreldremøte og finpussar samtaleguidar	Vurderarar Hospitant
Tysdag 30.10	Kort møte med rektor Ulike samtalar	Vurderarar Hospitant
Kl. 18.00 – 19.00	Foreldremøte	Vurderarar Hospitant
Onsdag 31.10	Kort møte med rektor Ulike samtalar	Vurderarar Hospitant
kveld	Arbeid med rapport	Vurderarar
Torsdag 1.11	Arbeid med rapport	Hospitant
Ca. kl. 13.00	Møte med skuleleiinga	Vurderarar
Ca kl. 14.00	Presentasjon av rapportframlegg Det er ynskjeleg at skuleeigar er representert Justering og ev. rettingar, overlevering av rapport i papir og digitalt format.	Hospitant
	Overlevering av evalueringsskjema	Hanne
45	Rapport med vedlegg vert sendt leiar i vurderingsgruppa for arkivering, den offisielle delen vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida	Hanne
48	Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til Hanne som vidare sender den til leiar i vurderingsgruppa, Aud Lygre	Rektor Hanne



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandskjema til nokre av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar og pedagogar, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i alle klasseromma på skulen.



8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Utviklingssamtalen

Skulen har utviklingssamtalen, den relativt hyppige samtalen mellom lærar og elev som satsingsområde. Rutinar for denne samtalen er personalgruppa i gang med å utarbeide. Dette vil vere heilt i tråd med tankane om tilpassa opplæring i lesing der fokus er sett på elevmedverknad i høve mål og eigenvurdering av måloppnåing.

Modne, reflekterte elevar

Våre samtalar med elevane viser tydeleg at de har elevar som er klare på kva dei kan og kvar dei vil. Vi merka oss og at elevane på skulen er flinke til å ta vare på fint utstyr som dei har til disposisjon.

Flott kombinert skule- og folkebibliotek i skulebygningen

Eit så flott bibliotek som skulen har tilgang på er mangelvare mange stadar. Dette må personalet og elevar utnytta når det vert arbeidd med leseutvikling hos den enkelte.



9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Skulen bør skaffe seg ein plan for leseopplæringa

Elevane bør få opplæring i lesing etter sitt nivå uavhengig av klassetrinn. Ein plan må gjera det klart korleis progresjonen i leseopplæringa må vere for at alle skal bli så gode lesarar som dei kan etter sine føresetnader.

Leiinga ved skulen, spes.ped.koordinator og andre ressurspersonar innan leseopplæring er naturlege deltakarar i eit slikt arbeid. Gode planar finst i regionen, og ein treng ikkje å begynne frå botnen av.

Leiinga må koma med tydelege føringar i arbeidet med vurderingsområdet

Jondal skule har valt eit utfordrande utviklingsområde. For å få endring og utvikling til å skje, må leiinga setje realistiske mål for arbeidet og halde utviklinga i gang ved å gi tydelege føringar til personalet, og dei må etterspørje resultat.

Tilpassa opplæring i lesing

Elevane må engasjere seg i eiga læring om det skal skje ei utvikling. Vi ser arbeidet med læringsmål som ein føresetnad for elevmedverknad og engasjement. Ideelt sett må arbeidet med læringsmåla følgje ein slik rytme:

- Eleven må kjenne kor han er i si eiga leseutvikling.
- Eleven må vera med å utarbeide nye mål.
- Eleven er så med på å vurdere måloppnåinga og deretter sette nye, realistiske mål.

Greier ein å få til dette med kvar elev, har ein langt på veg løyst målet om tilpassa leseopplæring. Ulike læringsmål i lesing for elevane blir ein konsekvens av dette.

Skulen skal drive leseopplæring i alle fag på alle trinn

Mange har ei oppfatning av at lesing er noko ein lærer i småskulen. Når ein kjem vidare, er lesing noko ein brukar for å lære andre ting, og det er lite fokus på å lære å bli ein betre lesar. Alle lærarar erfarer at det er stor skilnad på kor mykje elevane får ut av lesinga, og vi har inntrykk av både norsklærarar og faglærarar er motiverte for å vere med å rettleie elevane i utviklinga mot å bli betre lesarar. Dei som skal rettleie eleven i arbeidet med ulike leseoppgåver, må ha god kjennskap til eleven sin lesedugleik. For å få det, må norsklærar og andre lærarar diskutere kva som er mål for den enkelte, og samarbeida om korleis dei best skal rettleie kvar elev. Ein annan



viktig føresetnad er å ha god tilgang på tekstar, lese- og tolkingsoppgåver med same tema, men ulik vanskegrad.

Elevane må få tilpassa leksearbeid og foreldra må vite korleis dei kan hjelpa dei

Med like lekser for nesten heile gruppa, arbeider somme med for vanskelege og somme med for enkle leseoppgåver. Ved å differensiere leksene noko meir, sikrar ein at fleire får arbeide med leseoppgåver som utviklar lesedugleik og leselyst. Foreldre seier at dei ynskjer å hjelpe ungane med lekser, men at dei allereie frå mellomtrinnet gradvis veit mindre om korleis dei kan hjelpe ungane med lesinga. Det vil vera ei viktig oppgåve for lærarane å forklara læringsmåla i lesing for foreldra og å tipse dei om korleis dei best kan støtte eleven i arbeidet med å nå måla. Av og til er det nødvendig å tilby leksehjelp på skulen, slik ein allereie gjer.

10 – Vidare arbeid

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Jondal 1.11.07

Anne Karin Flatlandsmo

Hanne Sandvik

Wenke Litsheim Helland



Vedlegg 1 Påstandsskjema lærarar

Kryss av:			
Eg underviser hovudsakleg på	1. - 4. trinn	5. – 7. trinn	8. – 10. trinn

Kryss av:			
Eg underviser i	Norsk	Er tolærer i norsk	Andre fag

Set kryss under tala 4 – heilt eining, nedover mot 1 – heilt ueining. 0 er veit ikkje.

	4	3	2	1	0
1. Det er enkelt å få oversikt over elevane sin lesedugleik ved å slå opp i arkiverte kartleggingsprøver.					
2. Elevane i ei gruppe får ulike, tilpassa arbeidsplanar					
3. Norsk lærar og lærarar i andre fag diskuterer utviklinga i lesedugleiken til kvar elev					
4. Vi har eit teneleg skulebibliotek					
5. Talet på datamaskinar til elevane er ein flaskehals i undervisninga					
6. Elevane kjenner læringsmåla i lesing					
7. Elevane mine evaluerer eige arbeid					
8. Alle elevar får regelmessig tilbakemelding på korleis dei har arbeid med læringsmåla					
9. Eg lærer elevane mine ulike lesestrategiar					
10. Eg nyttar skulebiblioteket mykje i undervisninga					
11. Foreldra veit kva læringsmål eg set for elevane					
12. Eg informerer foreldra om korleis dei kan hjelpe med lekser					
13. På vår skule er det låg terskel for å ta kontakt skule - heim					



Vedlegg 2 Påstandsskjema elevar

Kryss av:		
Eg er elev på	5. – 7. trinn	8. – 10. trinn

Set kryss under tala 4 – heilt eining, nedover mot 1 – heilt ueining. 0 er veit ikkje.

	4	3	2	1	0
1. Eg har ein arbeidsplan med oppgåver som passar for meg					
2. Eg kjenner læringsmåla som står på arbeidsplanen					
3. Eg forstår læringsmåla					
4. Eg får sjanse til å seie noko om kva eg tykkjer om eige arbeid					
5. Eg får opplæring i dei ulike lesestrategiane					
6. Eg må vise at eg har forstått ein tekst når den er lesen					
7. Eg skriv leselogg jamleg					
8. Eg lærer å tolke bilete, teikningar og symbol					
9. Eg lærer korleis eg skal lese eit kart					
10. Eg øver på å lese og forstå matematiske uttrykk, diagram, formlar og tabellar					
11. Eg lærer å finne fram i og bruke oppslagsbøker					
12. Eg får bruke ulike lesespel eller tilleggsoppgåver når det er nødvendig					
13. Eg har ofte høve til å bruke skulebiblioteket					
14. Eg får bruke PC til oppgåveløysing når det er tenleg					
15. Eg øver på å hente informasjon på internett og bruke dette kritisk					



Vedlegg 3

1 – Dette sa elevane

Skulen driv tilpassa opplæring innafor leseopplæringa	<ol style="list-style-type: none">1. Får alle i gruppa den same vekeplanen?2. Syns de at de får leseoppgåver som er passelege for deg/passar til det nivået de er på?3. I kva for fag øver de på lesing?4. Korleis brukar de biblioteket på skulen?5. Korleis brukar de PC i undervisninga?
Elevane har høg medverknad og nyttar varierte arbeidsmåtar for å nå læringsmåla i lesing	<ol style="list-style-type: none">6. Korleis er læringsmåla på arbeidsplanen; forstår de kva dei betyr?7. Korleis vurderer de sjølv om de når måla dykkar?8. Kva for arbeidsmåtar brukar de for å øve lesing?9. Har de lært noko om ulike lesestrategiar?10. Korleis må de vise at de har forstått ein tekst, eit bilete, ein tabell e.l.?
Lærarane si undervisning utviklar leselyst og leseglede hos elevane	<ol style="list-style-type: none">11. Kva syns de om lærarane sin måte å gi rettleiing på?12. Korleis viser lærarane at lesing er kjekt?13. Kva gjer den læraren som er flink til å gi dykk støtte og tru på egne evner?14. Får du opplæring i korleis du brukar biblioteket?15. Kor mykje tid brukar de på lesing kvar dag på skulen?
Leseopplæringa er eit tema i samarbeidet mellom heim og skole	<ol style="list-style-type: none">16. Korleis jobbar de med lesing heime?17. Korleis kan foreldra dine hjelpe deg til å bli ein betre lesar?18. Veit dei heime korleis de jobbar med lesing på skulen?19. Veit foreldra dykkar noko om lesestrategiar, trur de?



Vedlegg 4 Dette sa foreldra

<p>Leseopplæringa er eit tema i samarbeidet mellom heim og skole</p>	<ol style="list-style-type: none">1. Har de mulighet til å rettleie barnet i leseprosessen heime?2. Får de informasjon om korleis skulen arbeider med leseferdigheitene på alle trinn?3. Veit de kva skulen ventar av dykk når det gjeld hjelp med leselekser på dei ulike trinn?4. Korleis føler de terskelen er for å ta kontakt med skulen når det er nødvendig?5. Kva er det beste med Jondal skule?6. Set opp eit punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til7. Set opp eit punkt som foreldra kan bli flinkare til
---	---



Vedlegg 5 Dette sa dei tilsette

Skulen driv tilpassa opplæring innafor leseopplæringa	<ol style="list-style-type: none">1. Kva for planar styrer undervisninga i lesing?2. Korleis driv skulen systematisk kartlegging av lesedugleiken til elevane?3. Korleis er rutinane når situasjonen er slik at styrkingstiltak må setjast i gang?4. Korleis blir ressursane utnytta fleksibelt på skulen, til dømes for elevar som treng korte lesekurs?5. Korleis blir lesedugleiken øvd i alle fag?6. Korleis viser de elevane at de tilpassar vurderinga i høve den enkelte sin lesedugleik?7. Korleis blir biblioteket brukt i undervisninga?8. Er det kultur for å dele og å gi positiv tilbakemelding til kvarandre som kollegaer?9. Korleis blir PC-ane brukt i leseopplæringa?
Elevane har høg medverknad og nyttar varierte arbeidsmåtar for å nå læringsmåla i lesing	<ol style="list-style-type: none">10. Korleis formulerer de læringsmåla til elevane på planane deira?11. Korleis øver elevane på å vurdere si eiga måloppnåing?12. Korleis trener de elevane på ulike lesestrategiar?13. Korleis får elevane vist at dei har forstått dei ulike leseforståingsoppgåvene dei får?14. Korleis meiner de tydeleg rettleiing skal vere?15. Korleis tenker de at utviklingssamtalen kan nyttast i leseopplæringa?
Lærarane si undervisning utviklar leselyst og leseglede hos elevane	<ol style="list-style-type: none">16. Kva gjer de i undervisninga som smittar over på elevane si leselyst?17. Korleis gir de elevane tru på eigne evner?18. Kor mykje av dagen bli det sett av til ulike leseoppgåver?
Leseopplæringa er eit tema i samarbeidet mellom heim og skole	<ol style="list-style-type: none">19. Korleis blir foreldra informerte om korleis du underviser i lesing?20. Korleis formidlar du til foreldra kva du ventar av dei når det gjeld leksehjelp?



Vedlegg 6 Dette sa leiinga

1. Bruk av kartleggingsprøver	
2. Pedagogisk leiing	
3. Bruk av lærarane sin kompetanse	
4. Hentar jamnlig erfaring fra andre skular	
5. Samarbeid om leseopplæring på tvers av fag	
6. Kva føringar legg administrasjonen for leseopplæringa	
7. Korleis tenker de utviklingssamtalen brukt i leseopplæringa?	
8. Heimane si rolle i leseopplæringa	
9. Korleis legg de til rette for at god praksis blir demonstrert?	
10. Tid til faglig oppdatering på lærarane sine arbeidsplanar og kompetanseutviklingsplan?	



Vedlegg 7 Dette såg og hørte me

På arbeidsplanar

Differensierte leselekser?
Differensierte leseoppgåver?
Felles lesing?

På veggene:

Plan bibliotektid?
Bokmeldingar?

Aktiviteter:

Stillelesing
Høgtlesing lærar
Høgtlesing elevar
Lesing i grupper
”Høyring” av leselekse?
lærer veileder elever i lesing

Læringsmiljø:

er det arbeidsro
Klassebibliotek
Lettlestbøker
Alternative tekster
Lese krok
Grupperom

Annet: